


Etiske retningsliner for Skjåk kommune

Etiske retningsliner for Skjåk kommune skal bidra til bevisstgjerung av medarbeidarar og politikarar som utfører arbeid eller oppdrag for kommunen.


Våre holdningar og handlingar påverkar den tilliten som innbyggjarane skal ha til kommunen, og vi har alle eit personleg ansvar for korleis vi oppfører oss.

Ein open kultur for å samtale om etiske spørsmål og dilemma er nødvendig for å utvikle eit godt etisk og fagleg skjønn.

Skjåk kommune, den 14.10.2016


Ordfører


Hovudverneombod


Rådmann

Som medarbeidarar og politikarar i Skjåk kommune har vi eit bevisst forhold til:

+ Profesjonalitet

- ✓ Vi viser respekt for alle menneske.
- ✓ Vi brukar fagkunnskap og skjønn i arbeidet vårt og behandlar alle likeverdig.
- ✓ Vi sørgjer for at fortrulege opplysningar blir handtert på ein forsvarleg måte, og misbrukar ikkje vår tilgang til informasjon.
- ✓ Vi er lojale mot administrative og politiske vedtak.
- ✓ Vi følgjer norsk lov, interne reglar og god forvaltningsskikk.
- ✓ Vi er bevisste på at våre handlingar og holdningar påverkar kommunen sitt omdømme.

+ Openheit og dialog

- ✓ Vi lyttar til innspel frå innbyggjarar gjennom dialog, brukarmedverknad og høyringar.
- ✓ Vi sikrar omgjevnadene sine krav til innsyn og opptre profesjonelt i kontakt med media.

+ Interessesemotsetnader

- ✓ Vi informerer om private forhold og interesser som kan påverke vedtak eller utføring av oppgåver for kommunen.
- ✓ Vi sørgjer for at eigen habilitet blir vurdert før vi saksbehandlar eller fattar vedtak.

+ Samfunnsansvar

- ✓ Vi viser samfunnsansvar og støttar opp om kommunen sitt positive omdømme også når vi ytrar oss privat, gjennom sosiale medium m.m.
- ✓ Gjennom arbeidet vårt har vi merksemd på forhold som bidrar vi til å redusere sosiale skilnader, vold i nære relasjonar, m.m.

+ Gåver

- ✓ Vi tek ikkje imot arv eller personlege fordelar i arbeidet vårt. Gåver av ubetydeleg verdi kan vi ta imot viss det er avklara med leiar.

+ Pengar og eigendelar

- ✓ Vi arbeider til beste for fellesskapet og sørgjer for at kommunen sine økonomiske verdiar blir forvalta på ein forsvarleg måte.
- ✓ Vi tek omsyn til miljøet og bidrar til reduksjon av energibruk og klimautslipp.
- ✓ Vi er ansvarsfulle i forvaltinga av brukarane sine pengar og eigedelar.

+ Innkjøp

- ✓ Vi følgjer regelverket om offentlege innkjøp og opptre profesjonelt i rolla som bindeledd mellom leverandørar og kommunen.
- ✓ Vi kjøper varer og tenester gjennom kommunen sine rammeavtaler og kontraktar.
- ✓ Vi tek ikkje imot særfordelar ved private kjøp av varer og tenester frå kommunen sine leverandørar.

+ Arbeidsmiljø

- ✓ Vi tek ansvar for å fremje eit godt og inkluderande arbeidsmiljø.
- ✓ Vi skaper helsefremjande arbeidsplassar ved å bidra til arbeidsglede og jobbengasjement.
- ✓ Vi tek aktivt avstand frå diskriminering, mobbing og trakassering.

+ Varsling

- ✓ Vi har rett og plikt til å varsle om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen.
- ✓ Vi har mot til å varsle. Leiarar skal ta vare på den som varslar og sørgje for at kritikkverdige forhold blir retta opp.